



Juust er hollendar og Uskedal-entusiast

**I natt klokka 12 starta fiskesesongen i Uskedalselva og meldingane frå fiskarane så langt tyder på at det har vore ein knallstart med fangst av 2 laksar på 8 kilo i nedre delen av vassdraget.**

**Talet på fiskarar som**

**stilte opp frå start var ikkje stort, men Stord var som vanleg sterkt representert og den eine storlaksen vart fanga av ein av storfiskarane derifrå, Jostein Almås. Han tok fisken på morgonkvisten ved Heio.**

uskedalen.no hadde i føremiddag kontakt med Joost Lommelaars som opprinneleg er hollendar men også bur på Stord. Han er også ein av dei store entusiastene når det gjeld å fiska i Uskedalselva. Den personlege rekorden hans her er 6 kilo. Førebels hadde kan ikkje fått fangst, men var ved godt mot på bakgrunn av dei positive meldingane.

Han starta ved midnatt og hadde fiska med fluge samanhengande i 10 timar då vi traff han. Då bevilga han seg ein liten blund! Joost hadde ingen innvendingar mot dei justerte fiskereglane som mellom

anna kuttar ut sesongkortet. Han tykkjer det er positivt at fleire får høve til å fiska. Fleire av dei andre fiskarane gav uttrykk for det same.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Jostein Almås med åttekilosfisken som han tok på morgonkvisten i dag